

Høyringsnotat - Forslag om endringar i forskrift 11. september 2025 nr. 1850 om opptak til høgare utdanning (opptaksforskrifta)

1. Innleiing

Kunnskapsdepartementet vedtok 11. september 2025 ny forskrift om opptak til høgare utdanning (opptaksforskrifta) med heimel i universitets- og høgskulelova §§ 8-1, 8-4 og 8-5. Den nye opptaksforskrifta trer i kraft 1. januar 2027. Frå same dato blir gjeldande opptaksforskrift (forskrift 6. januar 2017 nr.13 om opptak til høgare utdanning) oppheva.

Kapittel 7 i den nye forskrifta inneheld overgangsreglar og føresegner om iverksetting. Det går fram av desse føresegnene at enkelte reglar i den nye forskrifta får utsett iverksetting. Som ein konsekvens av dette vil nokon reglar i gjeldande forskrift framleis gjelde i ein overgangsperiode fram til 1. januar 2028.

Denne høyringa tek utgangspunkt i reglane etter ny opptaksforskrift. Når det blir vist til gjeldande rett i høyringsnotatet, meiner ein derfor gjeldande rett frå 1. januar 2027.

Kunnskapsdepartementet har i 2026 motteke forslag om endringar i forskrift 11. september 2025 nr. 1850 om opptak til høgare utdanning (opptaksforskrifta) frå Universitetet i Oslo (UiO), Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (UiT), Universitetet i Bergen (UIB), Universitetet i Stavanger (UiS), Høgskolen Kristiania (HK) og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir).

Forslag til om endringar i forskrifta omfattar:

- Kapittel 2. Kvalifisering for opptak til høgare utdanning – Generell studiekompetanse, § 2-3
- Kapittel 3. Unntak frå kravet om generell studiekompetanse, § 3-7
- Kapittel 4. Spesielle opptakskrav § 4-2 jf. Vedlegg III
- Kapittel 5. Rangering av søkarar ved opptak, §§ 5-9, 5-12 og 5-14
- Kapittel 6. Det samordna opptaket, § 6-1
- Vedlegg I: Generell studiekompetanse for søkarar med utanlandsk utdanning – GSU-lista, nordiske land
- Vedlegg II: Tabellar for omrekning av karakterar frå utanlandsk vidaregåande utdanning, Ungarn
- Vedlegg III: Spesielle opptakskrav, tabell A og C jf. § 4-2

Mindre, tekniske endringar, som endringar i namn på studium og andre språklege endringar, blir ikkje sende på høyring, av di det ikkje er naudsynt, jf. lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 37 fjerde ledd, bokstav c. Slike endringar er likevel omtalt i høyringsnotatet for orientering.

HK-dir legg til grunn at endringar som ikkje påverkar val av fag som elevane gjer i vidaregåande opplæring, kan få verknad frå og med opptak til studieåret 2027-2028. Om eit forslag skal få verknad frå eit anna studieår, er dette nemnt spesifikt i desse forslaga.

I forslaget om endringar i høyringsnotatet er ~~streaka~~ tekst foreslått fjerna, og **feit** tekst foreslått teke inn.

2. Endringsforslaga

Kapittel 2. Kvalifisering for opptak til høgare utdanning – Generell studiekompetanse

§ 2-3. Opptak på grunnlag av utanlandsk vidaregåande opplæring, første ledd

Gjeldande rett

Det følgjer av forskrifta § 2-3 første ledd at søkarar med treårig vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa får generell studiekompetanse når den vidaregåande opplæringa gir eit generelt opptaksgrunnlag til universitet og høgskular i dei respektive landa. Ordlyden «generelt opptaksgrunnlag» må vere tilsvarande generell studiekompetanse som beskriven i § 2-1.

Føresegna byggjer på ein føresetnad om at krava til vitnemål og generelt opptaksgrunnlag i dei andre nordiske landa i det vesentlege svarar til krava til generelt opptaksgrunnlag i Noreg.

Etter norsk rett er det eit vilkår for vitnemål og generell studiekompetanse at alle dei seks studiekompetansefaga norsk, engelsk, matematikk, historie, samfunnsfag og naturfag er bestått. Dette kravet gjeld også for nordiske søkarar, og følgjer av GSU-lista.

Forslag og vurdering frå HK-dir

Direktoratet viser til endringsforslaget nedanfor om vedlegg I, der direktoratet foreslår å fjerne kravet om at søkarar frå nordiske land må ha bestått fag som svarar til dei seks studiekompetansefaga. Sjå nærare omtale av forslaget under kapittelet «Endring i GSU-lista for nordiske land».

HK-dir vurderer likevel at kravet om at nordiske søkarar må ha bestått fag som svarar til norsk og engelsk, må oppretthaldast. HK-dir foreslår å presisere i § 2-3 første ledd at fag som oppfyller krava til norsk og engelsk, må vere bestått. Presiseringa tek sikte på å klargjere at vurderinga av generell studiekompetanse også for søkarar frå nordiske land skal leggje til grunn at relevante språkkrav er oppfylte. Endringsforslaget er og i samsvar med formålet om at søkaren skal ha tilgang til opptak til høgare utdanning i Noreg dersom søkaren har generelt opptaksgrunnlag til universitet og høgskular i heimlandet sitt.

§ 2-3 første ledd skal lyde:

Søkarar med 3-årig vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa får generell studiekompetanse når den vidaregåande opplæringa gir ~~eit generelt opptaksgrunnlag~~ **opptak** til universitet og høgskular i dei respektive landa. **Fag som dekkjer krava til norsk og engelsk må vere bestått, jf. vedlegg I (GSU-lista).**

Kapittel 4. Spesielle opptakskrav

Det følgjer av universitets- og høgskulelova (uhl.) § 8-1 femte ledd at departementet kan gi forskrift om spesielle opptakskrav dersom omsynet til gjennomføringa av studiet eller utøving av yrket gjer

det nødvendig. Spesielle opptakskrav er regulert i opptaksforskrifta kapittel 4, der spesielle opptakskrav til einskilde studium er fastsette i § 4-2 jf. Vedlegg III.

Institusjonar som ønsker å innføre spesielle opptakskrav må søke departementet om dette, jf. § 4-1 første ledd.

§ 4-2 første ledd jf. Vedlegg III Tabell A: Spesielle opptakskrav for opptak til helse- og veterinærfag

Bachelor- og masterstudium i ernæring

Gjeldande rett

Det vert slått fast i § 4-2 første ledd at spesielle opptakskrav for opptak til helse- og veterinærfag følger av vedlegg III, tabell A. Etter tabell A er det for «bachelorstudium i ernæring» krav om Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, fysikk 1 og kjemi 1 + 2.

Forslag frå UiO, UiB og UiT

UiO, UiB og UiT har gått saman om å harmonisere dei nasjonale opptakskrava til ernæringsutdanningane, og er einige om at krava bør endrast frå MEROD til REALKJ, med krav om Matematikk R1 (eller S1+S2) og Kjemi 1 og anten Fysikk 1, Biologi 1 eller Kjemi 2 (kravkode REALKJ).

UiO tilbyr eit 5-årig integrert profesjonsstudium som gir autorisasjon som klinisk ernæringsfysiolog. UiB og UiT tilbyr bachelorprogram i ernæring med moglegheit for påbygging til master i klinisk ernæring, som gir autorisasjon som klinisk ernæringsfysiolog.

UiO grunngjev ønsket om endring av dei nasjonale opptakskrava med at utdanninga har hatt nedgåande søkartal over tid, og den same trenden gjeld for tilsvarande studium nasjonalt.

Tal frå det samordna opptaket viser at det er langt fleire søkarar med realfag frå vidaregåande opplæring som oppfyller REALKJ enn MEROD. Med REALKJ-krav blir studieprogrammet tilgjengeleg for ein breiare søkargruppe, noko som kan gje aukande søkartal og betre utnytting av studieplassane. UiO si vurdering er at krav om REALKJ gjer studentane eit tilstrekkeleg fagleg grunnlag, og det vil bli gjort nødvendige tilpassingar i studieløpet slik at studentane kan gjennomføre utan Fysikk 1 og Kjemi 2 som absolutte fagkrav.

UiB forklarar at dagens opptakskrav er svært spesifikke og ekskluderer ein stor del potensielle søkarar. Dette avgrensar rekrutteringsgrunnlaget, og kan føre til at studieplassar blir ståande tomme. Helsedirektoratet har peika på eit aukande behov for kliniske ernæringsfysiologar i Noreg, og denne endringa kan bidra til å utdanne fleire kvalifiserte kandidatar som kan møte dette behovet. Dette er særleg viktig i ei tid der ernæring spelar ein stadig større rolle i førebygging og behandling av sjukdom. Endringa er fagleg grunngjeven, og det er nasjonal semje mellom UiO, UiB og UiT.

UiT forklarar at søknaden er ein del av ein samla innsats frå UiT, UiO og UiB for å harmonisere opptakskrava til ernæringsutdanningane nasjonalt. Alle dei tre institusjonane har kome til semje om at dei spesielle opptakskrava som er foreslått gir eit tilstrekkeleg fagleg grunnlag for studentane til å gjennomføre studiet og oppnå dei definerte læringsutbyta, samstundes som dei gjer ernæringsstudiet meir tilgjengeleg for ei breiare søkargruppe. Helsedirektoratet har peika på eit aukande behov for kliniske ernæringsfysiologar i Noreg. Ved å endre opptakskrava til studiet i klinisk ernæring, kan lærestadene bidra til å utdanne fleire kvalifiserte kandidatar som kan møte dette behovet. Dette er særleg viktig i ei tid der ernæring spelar ein stadig større rolle i førebygging og behandling av sjukdom.

HK-dir si vurdering

Søknadene er ein del av ei samla innsats frå UiO, UiB og UiT for å harmonisere opptakskrava til ernæringsutdanningane nasjonalt. Alle dei tre institusjonane har lagt fram ein samla fagleg vurdering om at dei foreslåtte spesielle opptakskrava er tilstrekkeleg. At like utdanningar har like opptakskrav er eit viktig ledd i samordninga av opptaket til høgare utdanning, og HK-dir har ingen innvendingar til forslaget.

HK-dir meiner det spesielle opptakskravet for bachelor- og integrert masterstudium i ernæring kan endrast frå MEROD (Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, fysikk 1 og kjemi 1 + 2) til REALKJ til (Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, kjemi 1 og enten fysikk 1, biologi 1 eller kjemi 2) i vedlegg III Spesielle opptakskrav, tabell A, rad ein og to, jf. § 4-2 første ledd.

Vedlegg III, tabell A, rad ein og to:

Profesjonsstudium og integrert masterstudium i medisin, odontologi, ernæring og farmasi	Alle	Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, fysikk 1 og kjemi 1 + 2
Bachelorstudium og integrert masterstudium i ernæring	Alle	Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, fysikk 1 og kjemi 1 + 2 Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, kjemi 1 og enten fysikk 1, biologi 1 eller kjemi 2

Bachelorprogram i Dentale materiale, design og prosessteknikk – tannteknikk

Gjeldande rett

Bachelor i «Dentale materiale, design og prosessteknikk – tannteknikk» har per i dag krav om generell studiekompetanse, og har ikkje spesielle opptakskrav for kvalifisering og opptak.

Forslag frå UiO

UiO ønsker frå og med opptaket 2027 å innføre spesielle opptakskrav om Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, kjemi 1 og enten fysikk 1, biologi 1 eller kjemi 2. Studiet blir lyst ut for første gong ved UiO i 2026 med krav om generell studiekompetanse, sidan dei ikkje rakk å søke om spesielle opptakskrav før fristen var ute då studiet blei etablert. Dei peikar på at tannteknikarutdanninga har utvikla seg frå å vere eit tradisjonelt handverk til ein avansert medisinteknisk og høgteknologisk disiplin. Mange land i Europa har krav om naturvitskaplege fag for opptak til slike utdanningar, medan Noreg er det einaste landet i Norden utan slike fagkrav. Spesielle opptakskrav vil også sikre eit fagleg grunnlag som gjer det mogleg å ha felles undervisning for studentar på tannteknikar- og odontologiutdanninga ved UiO.

HK-dir si vurdering

Studiet vert lyst ut for første gong i 2026, og det er derfor ikkje eit nytt studium i 2027. HK-dir har ingen innvendingar mot at bachelorstudiet innfører opptakskravet. Bachelorprogrammet «Tannteknikk» har tidlegare vore lyst ut ved OsloMet, sist med spesielle opptakskrav for opptak hausten 2016 (matematikk R1 eller matematikk S1 + S2 eller fysikk 1 eller kjemi 1).

Ettersom opptakskravet som no vert foreslått er strengare enn det som gjeld i dag, meiner direktoratet at tidspunktet for når kravet skal tre i kraft bør setjast til studieåret 2028-29, slik at potensielle søkarar får høve til å førebu seg og ta dei nødvendige faga før det nye opptakskravet gjeld.

HK-dir meiner forslaget om innføre det spesielle opptakskravet REALKJ (Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, kjemi 1 og enten fysikk 1, biologi 1 eller kjemi 2) for Bachelor i tannteknikk kan høyrast med oppstart frå 2028, om det blir vedteke.

Vedlegg III, tabell A, ny rad 8:

Bachelor i tannteknikk	Universitetet i Oslo	Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, kjemi 1 og enten fysikk 1, biologi 1 eller kjemi 2
------------------------	----------------------	--

§ 4-2 tredje ledd jf. Vedlegg III Tabell C: Spesielle opptakskrav for opptak til arkitekturfag og teknologiske fag

3-årig ingeniørutdanning

Gjeldande rett

Dei spesielle opptakskrava for 3-årig ingeniørutdanning følger av § 4-2 tredje ledd jf. Vedlegg III tabell C rad fem. Dei spesielle opptakskrava er matematikk R1 + R2 og fysikk 1, jf. rad fem første ledd.

Etter rad fem andre ledd dekker likevel enkelte søkarar fagkrava utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk. Dette gjeld:

- g. Søkarar med 2-årig teknisk fagskule etter rammeplan fastsett av departementet i 1998–1999 og tidlegare studieordningar
- h. Søkarar med bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014
- i. Søkarar med bestått 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og maritime studium

Dem same gjeld søkarar som blir tekne opp til treterminordning på 3-årig ingeniørutdanning, jf. rad fem tredje ledd.

Forslag frå UiS

UiS har på vegne av Universitets- og høgskolerådet si eining for matematikk, naturvitskap og teknologi (UHR-MNT), foreslått å inkludere ein ny søkargruppe som oppfyller fagkrava utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk som er sett i forskrifta, og ein søkargruppe som er unntatt frå dei spesielle krava om matematikk og fysikk. Endringsforslaget byggjer på tilrådingar frå ei arbeidsgruppe om alternative opptaksveggar og tilpassa ingeniørstudium, oppnemnd av Universitets- og høgskolerådet. Forslaget vart vedteke på enhetsmøtet til UHR-MNT den 6. november 2025 (Sak 25/48).

Den første søkargruppa gjeld søkarar som har generell studiekompetanse og har fullført eit realfagskurs med omfang tilsvarande eitt semester, med fordjuping i matematikk og fysikk.

Grunnlaget for dette er at realfagskurset, som svarar til realfagsdelen i eittårig forkurs for ingeniørutdanning og maritim høgskuleutdanning, er etablert som ein nasjonal ordning for å kvalifisere elevar med generell studiekompetanse som ikkje oppfyller dei spesielle opptakskrava i matematikk og fysikk til ingeniørstudium. Omtrent like mange studentar blir rekrutterte til ingeniørstudium frå realfagskurset som frå forkurset, og det er derfor naturleg at realfagskurset blir nemnt eksplisitt i opptaksforskrifta, og ikkje berre indirekte gjennom § 4-1 tredje ledd.

Den andre søkargruppa gjelder søkarar som blir tekne opp til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning, jf. § 3-4 bokstav a (opptak på grunnlag av fag- eller sveinebrev for ingeniørstudium), med grunnlag i relevant vidaregåande yrkesfagleg utdanning, fagbrev eller sveinebrev og minst 12 månader relevant praksis eller læretid.

UiS ønsker å gjera tydeleg krava for å få opptak gjennom y-vegen. Dei ønsker at søkarane skal ha relevant fag- og sveinebrev, 12 månaders relevant praksis eller læretid (anten integrert i

yrkesutdanning eller i tillegg om dette ikkje er integrert), og fullført og bestått relevant vidaregåande yrkesfagleg utdanning. UiS visar til at det i dag er det fleire alternative vegar til å oppnå fagbrev enn då Y-veg-ordninga vart innført i 2002. Ordningane er primært innretta mot å gi yrkeskompetanse, ikkje mot vidare studiar i høgare utdanning. Dette gir store skilnader i praksisomfang og fellesfag, og dermed i føresetnadene for å meistre ei tilrettelagd ingeniørutdanning. Læretid i bedrift eller minst 12 månader relevant praksis gir ein erfaringsbasert kontekst som er avgjerande for å forstå teoriar og metodar i ingeniørfaga, og som skal kompensere for unntak frå dei ordinære opptakskrava. Erfaringar og følgjeforskning peikar på yrkeserfaring som ein nøkkelfaktor for gjennomføring og meistring. Nokre fagbrevtypar, som fagbrev i skule, praksiskandidatordninga og delar av kryssløp, gir ikkje nødvendigvis dei same føresetnadene. På bakgrunn av endringar i fagbrevstruktur og søkargrunnlag meiner UiS at praksiskravet bør takast inn i forskrifta.

HK-dir si vurdering

HK-dir legg til grunn at institusjonane har best føresetnader for å vurdere kva for utdanningar som kan dekke eventuelle spesielle opptakskrav, og har ingen innvendingar mot det faglege innhaldet i denne vurderinga.

HK-dir vil likevel gjere merksam på at dei spesielle opptakskrava som gjeld for treårige ingeniørutdanningar - omsette til kravkoden HING - vert nytta for alle treårige ingeniørutdanningar hjå alle institusjonar, og vert behandla hjå alle institusjonar i det samordna opptaket. Det er derfor viktig at eventuelle endringar i kravet er godt forankra.

Det same kravet gjeld òg for integrerte masterstudium i teknologiske fag, med unntak av Norges teknisk-naturvitskaplege universitet, jf. § 4-2 tredje ledd jf. vedlegg III tabell C rad 3. HK-dir kan ikkje sjå av innspellet om det er teke høgde for om ei eventuell endring også vil omfatte dette leddet, eller kva for vurderingar som er gjorde knytt til dette.

HK-dir meiner derfor at forslaget bør sendast på høyring, slik at dei andre institusjonane som nyttar dette opptakskravet får moglegheit til å kome med innspel.

HK-dir ber derfor høyringsinstansane særskilt om å kome med innspel på forslaget til ordlyd som vist i vedlegg III tabell C rad fem nedanfor.

Forslaget frå UiS inneber at det vert teke inn i vedlegg III tabell C rad fem for 3-årig ingeniørutdanning at søkarar med generell studiekompetanse og som har gjennomført eit realfagskurs tilsvarande eitt semester med fordjuping i matematikk og fysikk, skal oppfylle opptakskrava utan å måtte oppfylle dei spesielle krava i matematikk og fysikk. Vidare inneber det at søkarar som vert tekne opp til særskilt tilrettelagt ingeniørutdanning, jf. § 3-4 bokstav a, basert på relevant vidaregåande yrkesfagleg utdanning, fagbrev eller sveinebrev og minst 12 månader relevant praksis eller læretid, er friteke frå dei spesielle krava i matematikk og fysikk.

Forslag til ordlyd i Vedlegg III, tabell C, rad fem:

3-årig ingeniørutdanning	Alle	<p>Matematikk R1 + R2 og fysikk 1.</p> <p>Følgande søkarar oppfyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk:</p> <p>g. Søkarar med 2-årig teknisk fagskule etter rammeplan fastsett av departementet i 1998–1999 og tidlegare studieordningar</p>
--------------------------	------	---

		<p>h. Søkarar som har generell studiekompetanse og har bestått et realfagskurs med ett semesters omfang med fordypning i matematikk og fysikk</p> <p>h. i. Søkarar med bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014</p> <p>h. j. Søkarar med bestått 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og maritime studium.</p> <p>Det spesielle opptakskravet i matematikk og fysikk gjeld ikkje for:</p> <p>k. søkarar som blir tekne opp til treterminordning på 3-årig ingeniørutdanning</p> <p>l. søkarar som blir tekne opp til spesielt tilrettelagd ingeniørstudium, jf. § 3-4 bokstav a, med grunnlag i relevant vidaregåande yrkesfagleg utdanning, fagbrev eller sveinebrev og minst 12 månader organisert opplæring i bedrift</p>
--	--	--

Kapittel 5. Rangering av søkarar ved opptak

Bachelor i luftfartsfag ved UiT

Gjeldande rett

Bachelor i luftfartsfag ved UiT er ikkje oppført i lista over studium som kan bruke opptaksprøvar som einaste grunnlag for rangering i § 5-14 tredje ledd. Studiet har per i dag heimel til å rangere søkarar basert på ein kombinasjon av ordinær rangering etter forskrifta og tilleggspoeng for bestått opptaksprøve «på eit visst nivå, etter reglar fastsette av institusjonen», jf. forskrift 6. januar 2017 nr. 13 § 7-14 første ledd, tredje strekpunkt.

Forslag frå UiT

UiT ønsker at opptaksprøve skal nyttast som det einaste grunnlaget for rangering av søkarar til «bachelor i luftfartsfag» frå og med 2027, jf. § 5-14 tredje ledd. Dei peikar på at studiet er svært ettertrakta og at det er stor konkurranse om studieplassane. Opptaksprøvene er omfattande og vurderer blant anna kognisjon, psykomotorikk, personlegdom, fysikk og helse, og spelar ein avgjerande rolle for å sikre kvaliteten på opptaket til studiet.

HK-dir si vurdering

Studiet var sist lyst ut i det samordna opptaket i 2024. Då blei søkarar rangerte etter ein kombinasjon av ordinær rangering og poeng for opptaksprøve, i tråd med gjeldande regelverk etter opptaksforskrifta av 2017. Opptaksprøva blei vekta tilnærma likt ordinær rangering med karakterpoeng. Frå og med 2025 har UiT lyst ut studiet lokalt.

I ny opptaksforskrift av 2025, som trer i kraft 1. januar 2027, vil UiT ha høve til å vurdere søkarar gjennom ein kombinasjon av ordinær rangering og poeng for opptaksprøve. Det er likevel presisert i heimel i § 5-14 andre ledd, bokstav c at karakterpoeng må vege tyngst.

UiT vurderer at rangering berre basert på poeng frå opptaksprøve er ein betre måte å rangere søkarane på. HK-dir gjer merksam på at det i høyringsnotatet til fastsettelsen av ny opptaksforskrift heiter at karakterbasert opptak er det beste alternativet når mange søkarar skal rangerast mest mogleg effektivt og rettferdig. HK-dir saknar ein nærare grunngjeving for kvifor rangering basert på ein kombinasjon av ordinær rangering og poeng for opptaksprøve ikkje er mogleg.

Lista over studium som kan rangere på poeng for opptaksprøve aleine, inneheld i hovudsak berre utøvande studium innan kunstfag. HK-dir finn ingen studium på lista som direkte kan samanliknast, og meiner at søknaden må vurderast opp mot kriterier som ligg til grunn for denne lista. HK-dir meiner likevel at forslaget bør sendast på høyring.

Om det blir vedteke, skal ny § 5-14 tredje ledd bokstav k skal lyde:

«**k. bachelor i luftfartsfag ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet**»

Kapittel 6. Det samordna opptaket

§ 6-1. Det samordna opptaket, andre ledd

Gjeldande rett

Det følger av § 6-1 andre ledd at institusjonar som ønsker å ta i bruk opptakskrav eller rangeringsreglar som er generelt tilgjengelege, skal informere HK-dir minst eitt år før endringane blir gjeldande. Føremålet med føresegna er å sikre at potensielle søkarar får informasjon i tilstrekkeleg god tid før endringane trer i kraft, slik at dei kan førebu seg. Dette kan til dømes gjelde dersom institusjonar ønsker å skjerpe opptakskrav til studium som tidlegare har vore utlyst.

Forslag og vurdering frå HK-dir

HK-dir har fått tilbakemeldingar og spørsmål frå institusjonane om kva tidspunkt fristen på minst eitt år skal reknast frå. HK-dir ser derfor ser det som naudsynt å klargjere dette i forskrifta.

Tenesta Samordna opptak ved HK-dir har lagt til grunn at fristen skal reknast frå tidspunktet studiet vert opna for søking. Dette er når studiet vert tilgjengeleg for søkarar, vanlegvis 1. februar. HK-dir meiner likevel at fristen bør reknast frå ei veke før studiet blir tilgjengeleg for søking i det samordna opptaket, slik at direktoratet har tilstrekkeleg tid til å publisere endringa før studiet vert tilgjengeleg for søkarar. Direktoratet meiner at det er formålstenleg at dette vert presisert i andre ledd av føresegna.

Endringa inneber at dersom ein institusjon ønsker å innføre eit opptakskrav og/eller rangeringsregel for opptak til studieåret 2028/2029, må dette meldast inn i ei veke før 1. februar 2027.

Samordna opptak publiserer varslingar om endringar i regelverk på nettsidene til Samordna opptak; <https://www.samordnaopptak.no/om/endringer-i-regelverk/>.

§ 6-1 andre ledd skal lyde:

«Ved endringar som institusjonane kan fastsette sjølv i opptakskrav , jf. § 4-2 eller rangeringsreglar for studium i det samordna opptaket, jf. § 5-14 andre ledd, skal institusjonane informere Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse minst eitt år før

endingane tek til å gjelde. **Fristen på eitt år blir rekna frå ei veke før studiet blir opna for søking i det samordna opptaket.»**

Vedlegg I: Generell studiekompetanse for søkarar med utanlandsk utdanning – GSU-lista

Endring i GSU-lista for nordiske land

Gjeldande rett

Etter artikkel 1 i overenskomsten¹ mellom dei nordiske landa om tilgang til høgare utdanning, vedteke 3. september 1996, forpliktar dei nordiske landa seg gjensidig til å gi utdanningssøkande som er busette i eit anna nordisk land tilgang til den offentlege høgare utdanninga si på same eller likeverdige vilkår som søkarar frå sitt eige land. Ein utdanningssøkar som har rett til å søka høgare utdanning i det nordiske landet vedkommande er busett, er også rettmessig til å søka høgare utdanning i dei andre nordiske land.

Formålet med overenskomsten er at dei nordiske landa skal auka moglegheitene for at studerande og andre som høyrer heime i eitt nordisk land kan utdanna seg og anleggja eksamenar ved utdanningsinstitusjonar i andre nordiske land, jf. preambelen til overenskomsten. Det er derfor eit uttalt ønske frå alle partane at ein ønsker meir mobilitet blant nordiske borgarar.

I Noreg er det Samordna opptak som har mandat til nasjonal samordning av opptak til grunnstudium, jf. uhl. § 9-3 første ledd. Kva som ligg i dette mandatet er heimla i opptaksforskrifta, der forskrifta listar opp fleire kriterium for å oppnå generell studiekompetanse, og dessutan unntak frå desse kriteria.

Etter opptaksforskrifta § 2-3 første ledd får søkarar med 3-årig vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa generell studiekompetanse når den vidaregåande opplæringa gir eit generelt opptaksgrunnlag til universitet og høgskular i dei respektive landa. Ordlyden «generelt opptaksgrunnlag» må vera tilsvarande generell studiekompetanse som beskriven i forskrifta § 2-1.

Gjeldande krav etter GSU-lista er likevel at søkarar med vitnemål frå vidaregåande skular i Norden må ha bestått alle fag som svarar til dei norske studiekompetansefaga. Sjå mellom anna GSU-lista for Danmark, der det vert presisert at «Fag som svarar til dei norske studiekompetansefaga må vere bestått». Dette inneber at søkarar som har vitnemål, men har strøket i fag som til dømes samfunnsfag eller historie, ikkje vert kvalifiserte til generell studiekompetanse.

Forslag og vurdering frå HK-dir

HK-dir si vurdering er at kravet for dei nordiske landa må endrast slik at språkkrav vil vera spesifisert på same måte som for andre land i GSU-lista. HK-dir viser til formålet bak overenskomsten og opptaksforskrifta § 2-3 første ledd, og vurderer at ein ikkje kan krevje bestått i faga som svarer til dei andre norske studiekompetansefaga for opptak til høgare utdanning i Noreg for nordiske søkarar, dersom det ikkje er krav om å bestå slike tilsvarande fag i det landet den vidaregåande utdanninga er avlaga i for å vere generelt kvalifisert for høgare utdanning.

HK-dir si vurdering er at dagens krav om bestått i fag som svarar til dei norske studiekompetansefaga for opptak til høgare utdanning må fjernast for Danmark, Finland, Island og Sverige. Kravet om fag som dekker norsk og engelsk bør likevel oppretthaldast. Dette vil hindre diskriminering mellom norske og nordiske søkarar, og er i tråd med § 2-3 første ledd om at ein nordisk statsborgar er kvalifisert til opptak til høgare utdanning i Noreg dersom vedkommande har generell tilgang til studium ved universitet i heimlandet sitt.

¹ <https://www.norden.org/en/declaration/agreement-concluded-denmark-finland-iceland-norway-and-sweden-admission-higher>

Sjå elles forslag til presisering i § 2-3 første ledd om at nordiske søkarar må ha bestått fag som dekker krava til norsk og engelsk under kapittel 2.

Vedlegg I om utdanningskravet for Danmark, Finland, Island og Sverige skal lyde:

Danmark	<p>Studenterexamen ELLER Højere Forberedelses Eksamen (HF) før 2017 ELLER Højere Forberedelses Eksamen (HF) med overbygningsforløb etter 2017 ELLER Højere Teknisk Eksamen (HTX) ELLER Højere Handels Eksamen (HHX). Fag som svarar til dei norske studiekompetansefaga, må vere bestått. Fag som dekker krava til norsk og engelsk må vere bestått. Ein finn detaljert informasjon om fagkrava på heimesida til Samordna opptak.</p>	<p>Dekt med bestått engelsk C-nivå</p> <p>Dekt med engelsk munnleg nivå C på HF ELLER engelsk nivå A eller B munnleg og skriftleg i vidaregåande skule</p>	<p>Dekt med bestått dansk A – nivå munnleg og skriftleg i vidaregåande skule</p>
Finland	<p>Avgångsbetyg från gymnasiet / Lukion päästötodistus i kombinasjon med Studentexamen/Ylioppilastutkintotodistus. For vitnemålet Examensbetyg / Yrkesinriktad grundexamen / Tutkintotodistus / Ammatillinen perustutkinto er det i tillegg krav om at fag i finnsk/svensk, historie/samfunnsfag, engelsk, matematikk og naturfag som dekker krava til norsk og engelsk er bestått. Detaljert informasjon om fagkrava finst på heimesida til Samordna opptak</p>	<p>Dekt med engelsk på Avgångsbetyg eller Studentexamen</p>	<p>Dekt med bestått svensk på Avgångsbetyg eller Studentexamen</p>
Island	<p>Stúdentspróf ELLER Ein 3-árig yrkesfagleg kvalifikasjon på nivå 3 / 3. Prep. tillegget er det krav om eit visst tal timar i faga islandsk, engelsk, historie, samfunnsfag, matematikk og naturfag. Alle fag må vere bestått. Fag som dekker krava til norsk og engelsk må vere bestått. Detaljert informasjon om fagkrava finst på heimesida til Samordna opptak</p>	<p>Dekt med eit visst tal timar i faget engelsk i vidaregåande skule</p> <p>Detaljert informasjon om språkkravet til engelsk finst på heimesida til Samordna opptak</p>	<p>Dekt med eit visst tal timar i faget islandsk i vidaregåande skule</p> <p>Detaljert informasjon om språkkravet til islandsk finst på heimesida til Samordna opptak</p>
Sverige	<p>Frå 2014: Examensbevis Högskoleförberedande examen: eksamensbevis med 2500 gymnasiepoäng med karakteren E eller betre i minst 2250 gymnasiepoäng ELLER Examensbevis yrkesexamen: eksamensbevis med 2500 gymnasiepoäng med karakteren E eller betre i minst 2250 gymnasiepoäng ELLER 2002–2013: Slutbetyg från gymnasieskolan: slutbetyg med 2500 gymnasiepoäng med karakteren Godkänt eller betre i minst 2250 gymnasiepoäng ELLER 1997–2002: Slutbetyg från gymnasieskolan med 2150 gymnasiepoäng med karakteren Godkänt eller betre i minst 1935 gymnasiepoäng ELLER Til og med 1996: Avgångsbetyg från gymnasieskolan: fullstendig Avgångsbetyg frå eit 3-årig program frå éi av følgjande liner: humanistisk, samhällsvetenskaplig,</p>	<p>Dekt med bestått: engelska 5 og 6 eller engelska A i vidaregåande skule</p>	<p>Dekt med bestått: svenska 1, 2 og 3 eller svenska som andra språk 1, 2 og 3 eller svenska A og B eller svenska som andra språk A og B i vidaregåande skule</p>

	<p>naturvetenskaplig, økonomisk og teknisk linje. For vitnemåla Examensbevis Högskoloförberedande examen, Examensbevis yrkesexamen og Slutbetyg från gymnasieskolan er det i tillegg krav om at faga svenska, engelska, matematik, naturkunskap, historia og samhällskunskaper fag som dekker krava til norsk og engelsk er bestått. Meir om fagkrava finst på heimesida til Samordna opptak</p>		
--	--	--	--

Endring i GSU-lista for Danmark

Gjeldande rett

Etter vedlegg I til forskrifta (GSU-lista) for Danmark er «Højere Forberedelses Eksamen (HF)» fastsett som eit utdanningskrav. HF er ein toårig vidaregåande utdanning retta mot handelshøgskular og profesjonsbachelorutdanningar i Danmark (HF-eksamen (hf), UddannelsesGuiden).

Før 2017 gav HF kvalifikasjon for opptak til handelshøgskular og profesjonsbachelorprogram ved Universitet i Danmark på lik linje med søkarar med treårig studieførebuande vidaregåande skole, utan krav om å gjennomføre eit overbyggingsforløp. I august 2017 vart gymnasiereforma innført i Danmark, med eit krav om eit overbygningsforløp på ein fagpakke med 250 ekstra undervisningstimar i tillegg til den vanlege fagplanen for å kvalifisere til opptak til profesjonsbachelorutdanning ved danske universitet. Dette forløpet kan gjennomførast det siste året, og inneber påbygging i to eller tre fag på eit høgare nivå. Minst eitt av desse faga må vere på A-nivå (A-nivå = vg3-nivå, B-nivå = vg2-nivå, C-nivå = vg1-nivå).

Dei første vitnemåla etter den nye gymnasiereforma kom i 2019. Vitnemål for fullført toårig HF frå før gymnasiereforma i 2017 gir framleis åtgang til bachelorstudium ved danske universitet. Elevar som starta på HF etter 1. august 2017, har måtta fullføre overbyggingsforløpet for å bli kvalifiserte til bachelorstudium ved danske universitet. Elevar som etter denne datoen berre har fullført toårig HF utan overbyggingsforløp, har berre tilgang til høgare yrkesutdanning, ikkje til akademiske bachelorutdanningar ved universiteta.

Forslag og vurdering frå HK-dir

Utdanningskravet, slik det står i den gjeldande GSU-lista og på nettsidene til Samordna opptak, har ikkje vorte oppdatert etter gymnasiereforma i 2017 og skil ikkje mellom toårig HF før 2017 og HF etter reforma i 2017, der det etter 2017 i tillegg blir kravd overbyggingsforløp for opptak til danske universitet. Dette har ført til at søkarar med toårig HF utan overbyggingsforløp frå 2017 og fram til opptaket i 2025 har fått generell studiekompetanse i Norge, utan at dei ville fått det i Danmark.

HK-dir meiner at det er nødvendig å oppdatere både utdanningskravet i GSU-lista og informasjonen på Samordna opptak sine nettsider, slik at det klart blir gjort skilnad mellom HF før 2017 og HF med overbygningsforløp etter 2017. HK-dir meiner at dette òg skal gjelde for vitnemål frå Grønland og Færøyane, sidan desse følger det danske utdanningssystemet.

I Noreg fungerer generell studiekompetanse som eit overordna og første kvalifikasjonskrav, medan særskilde opptakskrav hovudsakleg gjeld enkelte realfag på nivå tilsvarande vg2 og vg3. Til dømes blir opptak i Sverige i større grad regulert gjennom krav om både «grundläggande behörighet» og «särskild behörighet». Sjølv om søkarar oppfyller det generelle grunnlaget for opptak, vil dei ofte

måtte dokumentere spesifikke fagkrav for det enkelte studiet.² Disse krava svarer i mange tilfelle til fag som i Noreg inngår i vurderinga av generell studiekompetanse. Systemet inneber at fagleg utsiling i hovudsak skjer på studienivå, gjennom dei særskilde opptakskrava. Noreg har ikkje eit tilsvarande system. For å sikre at generell tilgang til høgare utdanning samsvarer med tilgangen i heimlandet, meiner HK-dir derfor at utdanningskravet for Danmark som gjelder HF i vedlegg I (GSU-lista) endrast i tråd med kravet i Danmark.

HK-dir foreslår at utdanningskravet for Danmark om HF endrast slik at kravet er HF før 2017 eller HF med overbygningsforløp etter 2017.

Vedlegg I om utdanningskravet for Danmark skal lyde:

Danmark	Studenterexamen ELLER Højere Forberedelses Eksamen (HF) før 2017 ELLER Højere Forberedelses Eksamen (HF) med overbygningsforløb etter 2017 ELLER Højere Teknisk Eksamen (HTX) ELLER Højere Handels Eksamen (HHX). Fag som svarar til dei norske studiekompetansefaga, må vere bestått. Fag som dekker krava til norsk eller engelsk må vere bestått. Ein finn detaljert informasjon om fagkrava på heimesida til Samordna opptak.	Dekt med bestått Engelsk C-nivå Dekt med engelsk munnleg nivå C på HF ELLER engelsk nivå A etter B munnleg og skriftleg i vidaregåande skule	Dekt med dansk nivå A munnleg og skriftleg i vidaregåande skule
---------	---	--	---

Endringar av redaksjonell art i vedlegg I (GSU-lista)

Redaksjonelle endringar i GSU-lista blir lista opp her, da det er viktig å klargjere korleis vedlegget vil sjå ut i sin heilskap, etter høyringa. Nokon land får endra utdanningskrav og eit land får endra engelskkrav i lista fordi det har kome fram nye opplysingar. Det blir også gjort nokon endringar under språkkrav for engelsk (TOEFL). Endringane som er foreslått er desse:

Land	Kva endringa gjeld	Dagens oppføring	Ny oppføring
	Språkkrav, Engelsk, punkt 2 (TOEFL)	2. Test of English as a Foreign Language (TOEFL) med a. Minst 60 poeng på TOEFL iBT, eller b. Minst 60 poeng på TOEFL iBT Home Edition, eller c. Minst 500 poeng på papirbasert test	TOEFL (https://www.ets.org/toefl.html) med total poengsum på minimum 60 på TOEFL iBT / TOEFL iBT Home Edition, eller total poengsum på minimum 500 på den papirbaserte testen. Test teken etter 21. januar 2026: TOEFL iBT / TOEFL iBT Home Edition med total score på minimum 3,5 poeng.
Afghanistan	Utdanningskrav	Baccalauria (Secondary School Certificate) + 1 års universitetsutdanning	12 Grade Graduation Certificate + 1 års universitetsutdanning ELLER

² <https://www.studera.nu/sa-kommer-du-in/behorig/sarskild-behorighet/>

			Baccalauria (Secondary School Certificate) + 1 års universitetsutdanning
Aserbajdsjan	Utdanningskrav	Tam orta təhsil haqqında Attestat + 1 års universitetsutdanning ELLER Orta Təhsil Haqqında Attestat + 1 års universitetsutdanning ELLER Diplom + 1 års universitetsutdanning ELLER Attestat o srednem obrazovanii + 1 års universitetsutdanning	Tamorta təhsil haqqında Attestat + 1 års universitetsutdanning ELLER Orta Təhsil Haqqında Attestat + 1 års universitetsutdanning ELLER Attestat o srednem obrazovanii + 1 års universitetsutdanning
Belgia, flamsktalende	Utdanningskrav	Getuigschrift van Hoger Secundair Onderwijs ELLER Diploma van Secundair Onderwijs	Diploma van Secundair Onderwijs fra ASO, TSO eller KSO ELLER Getuigschrift van Hoger Secundair Onderwijs + Bekwaamheidsdiploma dat toegang verleent tot het hoger onderwijs
Egypt	Utdanningskrav	Thanaweya A'ama (General Secondary School Certificate) + 1 års universitetsutdanning	الثانوية العامة / Thanawiya Al- 'Aama / General Secondary Education Certificate + 1 års universitetsutdanning ELLER الأزهرية الثانوية شهادة / Al Thanawiya Al-'Aama Al Azhariah / Secondary Education Certificate of Al-Azhar + 1 års universitetsutdanning
Hellas	Utdanningskrav	Apolytirio Geniko Lykeio / ΑΠΟΛΥΤΗΡΙΟ ΓΕΝΙΚΟΥ ΛΥΚΕΙΟΥ (etter 2007) ELLER Apolytirio Epaggelmatikou Lykeiou / ΑΠΟΛΥΤΗΡΙΟ ΕΠΑΓΓΕΛΜΑΤΙΚΟΥ ΛΥΚΕΙΟΥ ELLER Apolytírio Enaíou Lykeio / ΑΠΟΛΥΤΗΡΙΟ ΕΝΙΑΙΟΥ ΛΥΚΕΙΟΥ (etter 2000) ELLER Lykeio Apolytirion (før 2000)	Etter 2007: Apolytirio Geniko Lykeio / ΑΠΟΛΥΤΗΡΙΟ ΓΕΝΙΚΟΥ ΛΥΚΕΙΟΥ Etter 2000: Apolytírio Enaíou Lykeio/ ΑΠΟΛΥΤΗΡΙΟ ΕΝΙΑΙΟΥ ΛΥΚΕΙΟΥ Før 2000: Lykeio Apolytirion / ΛΥΚΕΙΟΥ ΑΠΟΛΥΤΗΡΙΟ
Polen	Utdanningskrav	Frå 2005: Świadectwo Dojrzałości og Świadectwo Ukonczenia fra: Liceum Ogólnokształcącego ELLER Ś Liceum ELLER Liceum Profilowanego ELLER Technikum ELLER Liceum Uzupełniającego ELLER Technikum Uzupełniającego ELLER Liceum Plastycznego ELLER Szkoły Baletowej ELLER Szkoły Muzycznej II stopnia Frå 2005 får ein ulike vitnemål: Świadectwo Dojrzałości, for maturitetseksamen og Świadectwo Ukonczenia for avslutta studiar i vidaregåande skule. Før 2005: Świadectwo Dojrzałości fra: Liceum Ogólnokształcącego ELLER Liceum ELLER Liceum Technicznego ELLER Liceum Zawodowego ELLER Technikum	Frå 2017: Świadectwo Dojrzałości og Świadectwo Ukonczenia fra: • Liceum Ogólnokształcące • Technikum • Szkoła branżowa II stopnia • Szkoła Artystyczna Frå 2005 – 2017: Świadectwo Dojrzałości og Świadectwo Ukonczenia fra • Liceum Ogólnokształcącego • Liceum Profilowanego • Technikum

		ELLER Sredniego Studium Zawodowego ELLER Liceum Muzycznego ELLER Liceum Sztuk Plastycznych ELLER Szkoły Baletowej. Før 2005 fekk alle same vitnemål: Świadectwo Dojrzałości, for avslutta studiar i vidaregåande skule og for maturitetseksamen. Maturitetseksamen (egzamin dojrzałości, tidligere egzamin maturalny) må også vere avlagt. Informasjon om dette finst på side tre på vitnemålet.	<ul style="list-style-type: none"> • Liceum Uzupełniającego • Technikum Uzupełniającego • Liceum Plastycznego • Szkoły Baletowej • Szkoły Muzycznej II stopnia <p>Før 2005:</p> <p>Świadectwo Dojrzałości fra:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Liceum Ogólnokształcącego • Liceum • Liceum Technicznego • Liceum Zawodowego • Technikum • Sredniego Studium Zawodowego • Liceum Muzycznego • Liceum Sztuk Plastycznych • Szkoły Baletowej
Slovakia	Engelskkrav	Etter 2005: dekt med engelsk på Vysvedčenie o maturitnej skúske	Etter 2005: dekt med engelsk på Vysvedčenie o maturitnej skúske og engelskfaget er nivå plassert i CEFR og eksamen er på minimum B1-nivå.
Spania	Utdanningskrav	Bachillerato Unificado y Polivalente (BUP) + Curso de Orientación Universitaria (COU) ELLER Título de Bachiller	Título de Bachiller ELLER Bachillerato Unificado Polivalente (BUP) og Curso de Orientación Universitario (COU)

Vedlegg II: Tabellar for omrekning av karakterar frå utanlandsk vidaregåande utdanning

Ungarn, ny tabell for statlege eksamenar frå og med 2013

Gjeldande rett

I vedlegg II under «Liste over utdanningssystem og type omrekning» finst det i dag to tabellar for Ungarn, der ein tabell gjeld for vidaregåande skule og ein tabell for statlege eksamenar. Tabellen som gjeld for statlege eksamenar har karakterskala: 0–100 med 20 som lågaste ståkarakter, og type tabell er offisiell karakterstatistikk.

Forslag og vurdering frå HK-dir

HK-dir har fått stadfesta frå Ungarn at statlege eksamenar frå 2013 nyttar karakterskalaen 0-100, der 25 er den lågaste beståtte karakteren. Den eksisterande tabellen for statlege eksamenar skil ikkje mellom eksamenar før og etter 2013. Dette inneber at søkarar frå Ungarn i dag vert rekna som kvalifiserte med lågare karakterar i Noreg enn dei ville vore i Ungarn ved at søkarar som har ein eksamenskarakter mellom 21 og 24 etter 2013 vert godkjende i Noreg, men ikkje i Ungarn, der lågaste beståtte karakter er 25. HK-dir meiner det er nødvendig å skilje mellom statlege eksamenar til og med 2012, og frå og med 2013, i omrekningstabellen.

Direktoratet foreslår at den gjeldande tabellen for statlege eksamenar vert presisert til å gjelde eksamenar til og med 2012. HK-dir har oppretta ein ny tabell for omrekning av karaktersnitt frå statlege eksamenar i Ungarn som gjeld karakterar gjevne frå og med 2013, med 25 som lågaste beståtte karakteren. Omrekningstabellen er laga på grunnlag av offisiell karakterstatistikk.

HK-fir foreslår at Ungarn får ein ny tabell basert på offisiell karakterstatistikk frå statlege eksamenar frå og med 2013, med karakterskala 0-100 der 25 er lågaste beståtte karakter. Det er også ei redaksjonell endring i eksisterande tabell for eksamen at den berre gjeld for eksamen teke til og med 2012.

Vedlegg II i lista over utdanningssystem og type omrekning skal tabellane for Ungarn lyde:

<i>Ungarn, vgs</i>	Karakterskala: Elégtelen, Elégséges, Közepes, Jó, Jeles, med Elégséges som lågaste ståkarakter	Type tabell: eigeninnsamla karakterstatistikk
<i>Ungarn, eksamen t.o.m 2012</i>	Karakterskala: 0–100 med 20 som lågaste ståkarakter	Type tabell: offisiell karakterstatistikk
<i>Ungarn, eksamen f.o.m. 2013</i>	Karakterskala: 0-100 med 25 som lågaste ståkarakter	Type tabell: offisiell karakterstatistikk

Endringa som er foreslått har berre effekt i poengrekning av søknadar, ikkje for kva utdanningar som er kvalifiserande for opptak. Endringa er foreslått med iverksetting frå opptaket til studieåret 2027-28.

Vedlegg III: Spesielle opptakskrav

Endringane som er foreslått er i Vedlegg III tabell A og C. Forslag til nye tabellar er vist i sin heilheit nedanfor. Sjå nærare om forslaga til endringane og vurderingane under kapittel 2.2 om spesielle opptakskrav.

Tabell A: Spesielle opptakskrav for opptak til helse- og veterinærfag

Studium	Institusjon	Spesielle opptakskrav
Profesjonsstudium og integrert masterstudium i medisin, odontologi; ernæring og farmasi	Alle	Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, fysikk 1 og kjemi 1 + 2
Bachelor- og integrert masterstudium i ernæring	Alle	Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, fysikk 1 og kjemi 1 + 2 Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, kjemi 1 og enten fysikk 1, biologi 1 eller kjemi 2
Bioingenørstudium	Alle	Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2 og enten fysikk 1 eller biologi 1 eller kjemi 1
Ortopediingeniørstudium	Alle	Matematikk R1 + R2 og fysikk 1
Bachelorutdanning i farmasi	Alle	Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, kjemi 1 og enten fysikk 1, biologi 1 eller kjemi 2

Profesjonsstudium i veterinærmedisin	Alle	Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2 og kjemi 1 + 2
3-årig bachelorstudium i paramedisin	Alle	Gyldig førarkort klasse B (personbil) og bestått fysisk opptaksprøve etter nærare reglar fastsette av institusjonen.
Bachelor i tannteknikk	Universitetet i Oslo	Matematikk R1 eller matematikk S1 + S2, kjemi 1 og enten fysikk 1, biologi 1 eller kjemi 2 Kravet gjeld frå og med 1.januar 2028.

Tabell C: Spesielle opptakskrav for opptak til arkitekturfag og teknologiske fag (§ 4-4)

Studium	Institusjon	Spesielle opptakskrav
Integrert masterstudium i arkitektur	Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet	Matematikk R1 + R2 og fysikk 1. Søkarar med 2-årig teknisk fagskule etter rammeplan fastsett av departementet 1998–1999 og tidlegare studieordningar fyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk som er fastsette her.
Integrert masterstudium i arkitektur	Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo og Bergen arkitektthøgskole	Bestått opptaksprøve etter nærare reglar fastsette av institusjonen.
Integrert masterstudium i teknologiske fag	Alle med unntak av Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet	Matematikk R1 + R2 og fysikk 1. Følgande søkarar oppfyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk: a. Søkarar med 2-årig teknisk fagskule etter rammeplan fastsett av departementet i 1998–1999 og tidlegare studieordningar b. Søkarar med bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014 c. Søkarar med bestått 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og maritime studium.
Integrert masterstudium i teknologiske fag	Noregs teknisk-naturvitenskapelige universitet	Matematikk R1 + R2 og fysikk 1. Minimum karakteren 4 i matematikk R2. Følgande gjeld for søkarar etter tidlegare ordningar mv.: d. Søkarar med nyare godkjend 2-årig fagskuleutdanning i tekniske fag må dokumentere tilsvarande kunnskapar i matematikk og fysikk. e. Søkarar med 2-årig teknisk fagskule etter rammeplan fastsett av departementet i 1998–1999 og tidlegare studieordningar må dokumentere kunnskapar tilsvarande matematikk R2 med eit gjennomsnitt på minimum karakteren 4.

3-årig ingeniørutdanning	Alle	<p>f. Søkarar med bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014 og søkarar med 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og maritime studium oppfyller fagkrava for opptak utan omsyn til dei spesielle fagkrava i matematikk og fysikk, men må ha ha karakteren C eller betre i matematikk frå forkurs.</p> <p>Matematikk R1 + R2 og fysikk 1.</p> <p>Følgande søkarar oppfyller krava for opptak utan omsyn til dei spesielle krava i matematikk og fysikk:</p> <p>g. Søkarar med 2-årig teknisk fagskule etter rammeplan fastsett av departementet i 1998–1999 og tidlegare studieordningar</p> <p>h. Søkarar som har generell studiekompetanse og har bestått et realfagskurs med ett semesters omfang med fordypning i matematikk og fysikk</p> <p>h-i. Søkarar med bestått 1-årig forkurs for 3-årig ingeniørutdanning og integrert masterstudium i teknologiske fag etter fagplan av 2014</p> <p>h-j. Søkarar med bestått 1-årig forkurs for ingeniørutdanning og maritime studium.</p> <p>Det spesielle opptakskravet i matematikk og fysikk gjeld ikkje for:</p> <p>k. søkarar som blir tekne opp til treterminordning på 3-årig ingeniørutdanning</p> <p>l. søkarar som blir tekne opp til spesielt tilrettelagd ingeniørstudium, jf. § 3-4 bokstav a, med grunnlag i relevant vidaregåande yrkesfagleg utdanning, fagbrev eller sveinebrev og minst 12 månader relevant praksis eller læretid</p>
Tradisjonelt bygghandverkstudium	Alle	Relevant fag- eller sveinebrev
Landskapsarkitekturstudium	Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	Bestått opptaksprøve etter nærare reglar fastsette av institusjonen.